



Styremøte – Protokoll

Dato: 21.01.2019, Høddvollhuset

Klokkeslett: 17.00 – 19.00

Kalla inn: Ivar Morten Normark, Jarl Martin, Lindor Tore og Einar.

Fråvær: Ivar Morten Normark – møtte Erika Skarbø

Saker:

Sak 1/19 – Habilitet

Det er eit behov for i enkelte saker å avklare habilitet. Difor meiar eg at det vil vere lurt at vi i alle styre møter , ikkje berre i IL Hødd, men og i dei andre gruppesytra å starte møtet med spørsmål om habilitet. På det viset kan ein då tidleg avklare om noko er inhabile i ei eller fleire saker og slik seinare unngå at det vert reist tvil om habilitet. Medlemmar som kjenner seg ugild i ei sak, pliktar å gjere styret merksam på det.

Forslag til vedtak:

Ingen forslag

Styret si handsaming:

Habile

Sak 2/19 – Godkjenning siste protokoll

Protokoll frå sist møte er blitt sendt styremedlemmane for gjennom lesnad og godkjenning.

Forslag til vedtak:

Foreslått vedteken

Styret si handsaming:

Godkjent

Sak 3/19 – Orientering frå gruppene

Styret viser til gruppene sine heimesider for siste nytt frå gruppene.

Forslag til vedtak:

Ingen forslag

Styret si handsaming:

Teke til vitande

Sak 4/19: Hødd Fotball rapport

Styret ber fotball om ein oppdatering om den økonomiske situasjonen og om dei siste hendingane i administrasjonen:

Tiltak for å kunne drive på ein sunn og god økonomi var naudsynt. Krav om godkjent budsjett har teke sin tid, men er no akseptabelt og realistisk. Sist styremøte 7/1 eit godkjent budsjett. Ein tung og vanskeleg prosess for alle involverte partar.

Forslag til vedtak:

Ingen forslag

Styret si handsaming:

Tek orienteringa til vitande.

Sak 5/19 – 100-årsjubileet

Jubileumsfesten som hovudstyret er ansvarleg for, vert den 21 september. Det har blitt sendt ut forslag til tidsplan/program til festen. Styret bør drøfte dette og kome med ei tilråding.

Forslag til vedtak:

Ingen forslag

Styret si handsaming:

Tek orienteringa til vitande. Det vert å jobbe vidare med tidsplanen og ein gjev gruppene tilbakemelding om evt. helsingar frå nasjonalt nivå.

Sak 6/19 –Årsmøtet

Ein må sette dato for årsmøtet. Vidare må styret gå gjennom Hødd lova og vere kjent med den. Hødd lova ligg ved som eige vedlegg. Dei andre gruppene må ha gjennomført sine årlege møte i god tid før årsmøtet i IL Hødd. Årsmøtet vart halde 12.3 i fjor.

Handball skal ha årleg møte 14.02 møterom Ulsteinhallen kl. 18:00

Turn skal ha årleg møte i februar

Trim skal ha årleg møte 7-8 februar

Fotball skal ha sitt årlege møte 20 februar

Hovudlaget held årsmøtet 12.3 kl. 18:00 på Høddvollhuset

Forslag til vedtak:

Ingen forslag

Styret si handsaming:

Årsmøtedatoar som er satt og bør haldast. Grupper som enno ikkje har fast dato, melder dette til leiar/hovudstyret omgåande.

Sak 7/19 – Medlemskontingent IL Hødd

Det vart på sist møte understreka kor viktig det er å gå gjennom medlemslistene og den jobben må halde fram. I det siste har det kome inn ein del mailar til leiar_il@hodd.no mailen om medlemskontingenten og då ser ein at listene vi brukar har behov for vasking.

Køyr sak på superinvite og på ca 1 veke har det kome inn 300 betalningar.

Forslag til vedtak:

Ingen forslag

Styret si handsaming:

Gruppene går inn og vasker listene sine i Klubbadmin. Frist for dette er 15.februar. Per Arve sender link til Superinvite – medlemsregistrering. Kvar gruppe vel ut ein person som skal sitje i ei arbeidsgruppe for å samkøyre medlemsregisteret. Meld til leiar i hovudstyret kven som skal vere med i arbeidsgruppa.

Evt.:

Spørsmål frå FO/Per Eide om film – historisk film. Frå 1919 fram til 2019. Tilbakeblikk med gamle og nye filmklipp, bilder og gode intervjuobjekt. Det er viktig for FO/Per Eide at dei får med seg Hødd på dette, samt at ein må finne økonomi i dette. Er dette noko vi bør drøfte med FO/Per Eide?

Styret sin handsaming:

Leiar tek kontakt med FO/Per Eide for å greie ut kva dette er for noko.

Neste møte: tysdag 5/3 kl. 1700.

For styret

Einar Warholm
Sign.

Ivar Morten Normark
Sign.

Jarl Martin Møller
Sign.

Tore Liadal
Sign.

Lindor Skeide
Sign.